



Wild West-skurkar fengsla på Sletta

RADØY: Det kom mange kreative, morosame og skumle bidrag til Wild West-teiknekonkurransen, som no heng på Sletta. – Eg er imponert over kor flinke ungane har vore, seier Åshild S. F. Thorsen.

IRENE BRATTENG JENSEN
irene.jenssen@nordhordland.no

Thorsen er dagleg leiar på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta, og ho fortel at det var kuler og krut, cowboyar og indianarar som stod i fokus då dei i haust inviterte barneskulane i Nordhordland til teiknekonkurranse.

– Vi ville ha eit «Ville vesten»-tema, og sende derfor ut ein invitasjon til å teikna ein plakat, der

WILD WEST:

- «Det ville vesten» blir gjerne brukt om ein periode på slutten av 1800-talet, der det vestlege Nord-Amerika blei erobra.
- Det heile starta i 1848 etter eit stort gullfunn i California.
- I fleire tiår har born og vaksne besøkt det ville vesten og Amerika gjennom bøker, filmar og teikneseriar.

temaet og overskrifta skulle vera «Wanted, død eller levande», fortel ho.

Sjokkert vinnar

Juryen var ikkje i tvil om at det var Veronika Halland (12), i 6. klasse på Manger Skule, som skulle stikka av med sigeren. Hennar teikning, av ein skummel

cowboy med hatt, fall i smak hjå alle på museet.

– Eg kan ikkje så mykje om den ville vesten, men eg har sett nokre seriar om det på TV, seier Veronika, og nemner mellom anna Bonanza.

Det var i desember ho fekk vita at nettopp hennar teikning var vinnarbidraget, og då kom to representantar frå utvandringssenteret, for å overrekka diplom og gavekort på pizza og bøker for heile klassen.

– Wow, var det første eg tenkte, då dei sa mitt namn, kniser vinnaren.

– Dei kasta lasso

Vinnaren Veronika tok onsdag med seg klassekameratane Kristin Vågenes (12) og Tristan Smeding (11) for å sjå på alle teikningane, som no heng som ei utstilling i det gamle fengselet og råd-

huset på museet. Det er berre to fangeceller i fengselet, som vart bygd i 1880-åra, men no heng det 193 skurkar innelåst på veggane.

– Eg veit at i ville vesten budde folk i orkenen, i gamle landsbyar, seier Tristan.

Kristin er litt usikker på kva «Wild West» eigentleg var, men ho trur dei ofte rei på hestar på den tida.

– Og så kasta dei lasso. Politiet var ofte på jakt etter cowboyane, fordi dei rømde frå fengsel, seier ho.

– Ja, og så slost dei mot indianarane, fordi dei stal gullet deira, seier Tristan.

Eit anna skurke-omgrep

I fleire tiår har barn og vaksne besøkt det ville vesten og Amerika gjennom bøker, filmar og teikneseriar.

– «Det ville vesten» vert gjerne

brukt om ein periode på slutten av 1800-talet, der det vestlege Nord-Amerika blei erobra, fortel Thorsen.

– Å leika cowboy og indianar har blitt gjort i fleire generasjonar, og litterære karakterar som mellom anna Morgan Kane er godt kjend blant dei fleste.

Men då museet på Sletta inviterte ungane på barneskulane til denne teiknekonkurransen, var det tydeleg at dei har mange ulike framsyningar om kva ein skurk eigentleg er.

– Vi fekk teikningar av alt frå cowboyar, TV-figurar, romvesen og til og med skumle kaninar. Dette tyder nok på at skurke-omgrepet er litt annleis i dag, seier ho.

I august vil Utvandringssenteret ha ein fotokonkurranse, i samband med utstillinga under Kystsogveken.



DET VAR MYKJE KULAR OG KRUT DEN GONGEN: Veronika Halland (12), Kristin Vågnes (12) og Tristan Smeding (11) sit her i fengselet på Sletta, som vart bygd i 1880-åra. Her heng alle teikningane som vart sendt inn til teiknekonkurransen. – I ville vesten var det mykje kuler og krut, seier dei tre elevane frå Manger skule.



VINNAREN: Veronika Halland (12) vann teiknekonkurransen. – Eg prøvde berre å laga noko som likna på ein cowboy, seier ho.



DØD ELLER LEVANDE: Denne skurken er teikna av Lene Soltveit frå 7. klasse på Austebygd skule.



MARSBUAR: Dette bidraget skilde seg litt frå dei fleste andre, dette marsbuar-liknande vesenet er teikna av Robin Vikbak på Matre skule.

a



FEKK OVER 200 BIDRAG: Då Vestnorsk utvandringssenter i haust arrangerte «Wild West-teiknekonkurransen» for alle barneskular i Nordhordland, fekk dei tilsendt over 200 teikningar. – Det var utruleg mange flotte bidrag, seier Åshild Sunde Feyling Thorsen på Vestnorsk utvandringssenter.



COWBOY PÅ HESTEN SIN: Denne teikninga er laga av Julie Kleiven Mjelde, som går på Kløvheim skule.